



Ole Johan Witsø Svedhaug
Strandvegen 29
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1141 - 17/12649

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

03.05.2017

Avvising av søknad om bruksendring gbnr 188/180 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Ole Johan Witsø Svedhaug
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel.
Det vert elles vist til søknad motteken 31.03.17.

Planstatus

Reguleringsplan Felt B. Eigedomen er avsett til bustad

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrslø og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er søkt om tiltak utan ansvarsrett for bruksendring av tilleggsdel til hovuddel. Av innsendt søknad går det fram at det søkast om å etablere hageleilighet i kjellaren. Det er difor ikkje samsvar mellom kva det er søkt om og det som går fram av søknaden. Søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel må skje innanfor eksisterande brukseining. Søknad om etablering av hageleilighet vil i tillegg til bruksendring krevje etablering av ny brukseining og være søknadspliktig etter pbl §20-1 bokstav a og krevje bruk av ansvarlig føretak.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen gjer elles merksam på at ved bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel må arealet tilfredsstille krav i teknisk forskrift for å kunne takast i bruk som hovuddel.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om bruksending frå tilleggsdel til hovuddel avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1141

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ole Johan Witsø Svedhaug